



Hardanger



## MØTEBOK

Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd

Dato: Onsdag 25.11.2015

Stad: Hardangerrådet i Kinsarvik

Tid: 10.00 – 13.15

### Til stades:

Eidfjord kommune:

Ungdomsrådsleiar Katrine Riber Garen

Ullensvang herad:

Ungdomsrådsleiar Vilde Læg Reid

Ulvik herad:

Ungdomsrådsleiar Alma Thorbjørnsen

### Ikkje til stades:

Kvam herad:

Ungdomsrådsleiar Magnus Torvik, meldt fråfall

Granvin herad:

Ungdomsrådsleiar Karoline Kalsaas

Jondal kommune:

Ungdomsrådsleiar ?

Odda kommune:

Ungdomsrådsleiar Sigrid Walle

### Andre:

Ulvik herad:

Ingvild Winters

Hardangerrådet:

Konsulent Trude Læg Reid Rinaldo

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

### HU-sak 17/15

#### Konstituering Hardanger Ungdomsråd 2015/2016

Ikkje mange nok på møte. Sak utsett til 21.1.2016

### HU sak 18/15

#### Møteplan 2016

Sak på neste møte

Diskusjon: Møteplan er ok, me arbeider ut ifrå den.

- HU 21.1.16 legg me til Voss med møte og aktivitet.
- Aktivitetshelga må ein kommune ta på seg, tilbakemelding til neste møte på kven som vil.
- Konstituerande møte før Hardanger Ungdomsting i november 2016 er bra, og då kan ungdomsrådsmedlemmene ha Bli-kjent aktivitetar parallelt.
- Om ein finn tid og lyst kan eit av møta ha med overnatting, f.eks på skulen på Finse.

**Me kallar inn til neste rådsmøte 21. januar 2016 på Voss!**

### HU-sak 19/15

#### Årshjul for Hardanger Ungdomsråd

Diskutert. Ein god ide.

Sak på neste rådsmøte

## HU-sak 20/15

### Evaluering Hardanger Ungdomsting. Kva no?

#### Drøftingar

Konkrete tilbakemeldingar:

- Vil blanda ungdomsråda ved gruppearbeid på ungdomsting
- Ein god ting. Dette er det vits i å arrangera.
- Økonomisk rammer :  
Støtte til å reise på Hardanger Ungdomsting. Forslag kr 500 pr frammøtt deltakar. Utbetaling i etterkant av møte.
- Forslag til Tema på Hardanger Ungdomsting.:
  - Ha ein runde på kva ungdomsråd som har vore involvert i kommunestruktur arbeidet sidan august 2015? ( ca ½ time av møtet)
  - Asylpolitikk. - Kan også vera tema på eit rådsmøte
  - Mobbing. Korleis handterar skule og miljøet ellers dette temaet
  - Møteform. Korleis styre eit ungdomsråd? Korleis fremjar Ungdomsråd ei formell sak og vert teken på alvor.  
Kan ungdomane få «politikar opplæring» når dei startar sin periode.

## HU-sak 21/15

### Orienteringssaker

- **Informasjon frå deltakarane på nettverkssamlinga for ungdomsråd i Hordaland**

Veldig kjekt, litt mange bli- kjent leikar, men det er jo ein del av dette møtet.

Tema veldig bra, og lærerikt.

12.-14. februar er der Ungdommens Fylkesting i Bergen. Hardanger Ungdomsråd støttar då deltakaravgifta til 2 medlemmer av kvart ungdomsråd i Hardanger.

Kan me ta noko vidare til Hardanger Ungdomsting?

- **Tannhelsestruktur oppdatering på saka**

Me ber administrasjonen om å be om status i saka frå fylkeskommunen.

- **Aktivitetshelg 2016. Kven vil arrangera den?**

Me sender ut spørsmål til alle råda om dei vil arrangera Aktivitetshelg 2016. Gje beskjed til sekretariatet om de har lyst og eller spørsmål.

- **Nytt «Aktiv ungdom» -prosjekt ?**

Til neste møte vil me invitera Hordaland fylkeskommune til å informera om Aktiv ungdom og moglegheiter for støtte til prosjekt mm.

For meir informasjon [www.aktivungdom.eu](http://www.aktivungdom.eu)

## HU-sak 22/15

### Informasjon om arbeid frå den einssilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.

#### Eidfjord

Spør dei andre om Ball i januar?

Ungdomsklubben:

Spelekveld- mange kom !

Pepperkakeby – skal arrangera pepperbakekveld – trur mange kjem

Julebruskåring

Juleavslutning

Sist rådsmøte var om budsjett  
Har ikkje diskutert involvering i kommunereformsaka

### **Ullensvang**

Har gjennomgått budsjettet

Prata om flyktningar

SAK: Forskrift om målform i vaksenopplæringa. Ungdomsrådet krev einstemmig mot rådmannen sitt forslag, at denne vert på nynorsk, Ungdomsrådet godtok rådmannens framlegg til vedtak og godtok og fremja sak om å løyva pengar til ekstra bil. Dette vart godkjent.

Diskusjon om Lan, Kinsarvik Breiband ordnar det meste, når Ungdomsrådet tek seg av påmelding.

### **Ulvik.**

Har diskutert kommunereforma

Halloweenparty

Ung data undersøking. Kartlegger breitt litt om korleis ungdom har dei i sin oppvekst i sitt miljø.

Ulvik har no offisiell paintballklubb. Når utstyr er på plass kan alle i Hardanger får leiga dette.

Hardanger Ungdomsråd ber om at dette vert formidla til Hardangerrådet:

Der ungdomsrådet har ordførar til stades er det meir korrekt møteform .

Ein synleg ordførar gjer at ungdomsrådet fungerer betre. At ungdomsrådet har ein vaksen ressurs i kommunen held rådet saman og skapar kontinuitet.

Referent Trude L. Rinaldo